



Larsnes Mek Verksted AS
Larsnesvegen 119
6084 LARSNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Eide, 71 25 84 33

Tilsyn ved Larsnes Mek verksted AS - inspeksjonsrapport 2025.051.I.SFMR

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn hos Larsnes Mek AS (organisasjonsnummer: 929 565 495), den 4. desember 2025.

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

- Avvik 1: Verksemda har manglande kjennskap til sine utslepp.

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Verksemda må snarast rette opp avvik. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta **innan 1. mars 2026**.

Statsforvaltaren påpeikar merknader

- Merknad nr. 1: Handtering av farleg avfall kan bli betre

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

Larsnes Mek AS må betale eit gebyr på 41 600 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfmr@statsforvalteren.no med kopi til kristin.eide@statsforvalteren.no, og merkar e-posten med saksnummer 2025/7932.



Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Avvik nr. 1: Verksemda har manglande kjennskap til sine utslepp

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Forureiningsforskrifta § 29-9 Måling og berekning av utslepp
- Internkontrollforskrifta (IK-forskrifta) § 5 punkt 7

Om krava

Dersom virksomheten har utslipp til vann, skal den kunne dokumentere hvordan utslipp av prioriterte stoffer (jf. vedlegg 1) blir målt/kontrollert og hvilke tiltak som er gjort for å begrense utslippene, jf. forureiningsforskrifta § 29-9 b.

Utslippsmålingene skal være representative for normal drift. Prøvetaking og analyse skal utføres etter Norsk Standard (NS) der slik standard finnes. Annen metode brukes dersom det kan dokumenteres at den metoden som brukes gir minst samme nøyaktighet som NS. Prøvetakning og måling skal være kvalitetssikret.

Virksomheten skal innen 1 år fra dette kapittelets ikrafttredelse iverksette et måleprogram for kontrollmåling av utslipp til luft, vann og støy som skal inngå i bedriftens dokumenterte internkontroll. Formålet med målingene er å dokumentere at gitte krav overholdes, jf. forureiningsforskrifta § 29-9 d.

Verksemda skal dokumentere skriftleg iverksetting av rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga, jf. IK-forskrifta § 5.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verftet har overbygd dokk med reinseanlegg (sedimentasjonstank og filteranlegg). Verftet har også ein slipp der overflødig materiale blir samla opp ved behov, og elles går spylevann i sjøen.

De har ikkje eit *måleprogram*.

- Måleprogrammet skal beskrive kva målingar/ berekning verftet gjer for å vurdere utsleppa ved både slipp og dokk, og korleis desse målingane/berekningane blir utført.
 - Måleprogrammet skal også innehalde ei vurdering av nøyaktigheita og usikkerheita ved dei målingane/berekningane som blir gjort, og ei beskriving av korleis usikkerheita kan bli redusert. Informasjon i arbeidsrutinar og i eigen dokumentasjon av utslepp frå slipp dekker delvis innhaldet i eit måleprogram.
- Verksemda har ikkje i et måleprogram gjort greie for kva slags botnstoff båtane i dokka har (som blir spylt), og om prøvetaking blir gjort ved representative båtskylingar.
 - De har ikkje halde saman *mengda vatn som blir samla opp* (ved spyling) med *spylevassforbruket*. Ei overbygd dokk har kanskje ikkje mykje tilført vatn (regn, innsig osv.) under spylingsprosessen, men ei avklaring av dette bør ga fram av måleprogrammet. Det kan medføre feil å samanlikne måleresultata direkte med rettleiande grenser i M-486/M-487 utan å ha justert for vassforbruket først. Verdien i tabell 2 i M-486 er berekna frå bruk av 12 l vatn pr. m² våt flate.
 - De har ikkje kjennskap til årleg utslepp av ulike stoff til sjøen frå dokk. For å ha kjennskap til kva de årleg slepp ut i sjøen av ulike stoff, bør de rekne ut konsentrasjon i mg/m² våt flate på båtskyling det blir tatt prøver frå, og summere årleg total mengde våt flate som er spylt i dokk.



- Det går ikkje fram av eit måleprogram at de har sett hen til tidlegare måleresultat når tal vassprøver per år blir vurdert og bestemt.

Frå dokka er det tatt to spylevassprøver i 2023, ingen i 2024 og to i 2025. Ingen målingar i 2024 er for lite, og de bør vurder om to målingar gir eit representativt bilde på normal drift i dokka. Faktaark M-486 anbefaler minimum tre målingar, i tillegg til ei utvida analyse av andre aktuelle verkestoff i botnstoff.

Testrapport av spyleprøve tatt før juni 2025 har ikkje målt på alle standardstoff jf. rettleiar M-487. Arsen, krom, kvikksølv, TBT og olje manglar. Det er bra dette er retta frå juni 2025, og det må sikrast at det blir standarden framover.

For slippen (som behandlar om lag 5 000 m² våt flate årleg) har de, med utgangspunkt i måleresultat frå 2025, dokumentert på ein systematisk måte at dykkar årlege utslepp er under rettleiande utsleppsgrenser. På tilsynet vart vi orientert om at overflødig materiale i slippen blir samla opp *ved behov*. Det er ikkje skriftleggjort når slikt *behov* slår inn. Det bør gjerast ei konkret vurdering når det er *behov* for oppsamling av overflødig materiale i slippen. Vurderinga av behovet bør sjåast saman med at *utslipp av prioriterte stoffer til vann skal begrenses mest mulig, og er kun tillatt dersom det skjer på ein slik måte at utslippene er utan miljømessig betydning*, jf. forureiningsforskrifta § 29-6. Vi finn det ikkje urimeleg at slik oppsamling skjer etter kvar spyling av skrog.

Merknad 1: Handtering av farleg avfall kan bli betre

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering:

IBCar med olje sto i container, men utan oppsamlingskar. En container med tynnarar var utan oppsamling. Alt farleg avfall og kjemikalier skal bli lagra forsvarleg slik at de unngår forureining til ytre miljø.

Relativt fulle samlecontainerar for ordinært avfall sto ute (rest, plast mm), utan sikring mot vind. Her bør de vurdere om det er behov for tiltak for å hindre spreiding av avfall til ytre miljø.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at ansvarleg eining må betale eit gebyr på 41 600 kr for tilsynet. Det svarar til sats 2 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7/§ 39-8.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr dato og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ei klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.



Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Kristin Eide
- Mari Stubberud

Frå verftet deltok:

- Jarle Gunnarstein – CEO
- Nina M. M. Lørdøen – HMS-leiar
- Marte L. Strandbakken – HL/HMS-koord.

Tema

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- støy
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- kjemikaliehandtering

Regelverk

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- avfallsforskrifta
- produktkontrolllova

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Kristin Eide
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sande kommune

Rønnebergplassen 17

6084

LARSNES